



# ÅRSPLAN FOR STJERNEREISO BARNEHAGE 2021/2022



Små steg for kloden

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| Presentasjon av barnehagen.....   | 3  |
| Velkommen til nytt barnehageår i Stjernereiso barnehage.....            | 4  |
| Årshjul /Kalender.....  | 4  |
| Så hugs på at.....  | 4  |
| TEMA, DETTE BARNEHAGEÅRET; Små steg for kloden.....                     | 4  |
| «Rammeplanen sier dette om natur og miljø» .....                        | 4  |
| Satsingsområde personal, førebyggande arbeid mot mobbing, krenking..... | 5  |
| Lovgrunnlag for barnehagen.....   | 6  |
| Formål og verdigrunnlag .....   | 6  |
| Barnehagens Innhold .....   | 7  |
| <b>Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg .....</b>        | 7  |
| Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik.....                  | 8  |
| Barnehagen skal fremme danning .....                                    | 9  |
| Barnehagen skal fremme læring .....                                     | 10 |
| Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap .....                     | 11 |

### **TYSNESBARNEHAGANE HAR UTABEIDA EIN EIGEN HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.**

|  |    |
|--|----|
| .....  | 11 |
| <b>Endringer i barnehageloven .....</b>              | 12 |
| <b>1. januar 2021 ble barnehageloven endret.....</b> | 12 |
| Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk .....  | 12 |
| <b>SOL.....</b>                                      | 12 |
| <b>SPRÅKLEIKA BRAVO .....</b>                        | 12 |
| SPRÅKLØYPER.....                                     | 13 |
| BARNS MEDVERKNAD .....                               | 14 |
| Samarbeid barnehage- heim.....                       | 15 |
| <b>Samarbeidstutval og foreldreråd .....</b>         | 15 |
| Overgangar.....                                      | 16 |
| <b>Overgang til skule .....</b>                      | 16 |
| <b>Førskulegruppa .....</b>                          | 16 |
| <b>Vanntilvenning.....</b>                           | 17 |
| Fagområda i Rammeplanen .....                        | 17 |
| <b>KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKT.....</b>             | 17 |

# Stjernereiso barnehage



|   |           |
|---|-----------|
| <b>KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE .....</b>  | <b>18</b> |
| <b>KUNST, KULTUR OG KREATIVITET.....</b>  | <b>19</b> |
| DigiSus .....   | 20        |
| <b>NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI.....</b>   | <b>20</b> |
| <b>MENGD, ROM OG FORM .....</b>   | <b>21</b> |
| Etikk, Religion og Filosofi .....   | 22        |
| <b>NÆRMILJØ OG SAMFUNN .....</b>  | <b>23</b> |
| Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggast, dokumenterast og vurderast. .... | 24        |
| Samarbeidspartnarar .....   | 25        |
| Helsestasjon.....   | 25        |
| Kommunepsykolog, førebyggande tiltaksteam .....   | 25        |
| Barneverntjenesta .....   | 25        |
| Barnevernstenesta – barnehagen har plikt til å melde .....                                  | 25        |
| Skulen – overgangar.....  | 26        |
| Psykisk helsearbeidar for barn og unge .....  | 26        |
| Synspedagog, kartlegging av syn.....  | 26        |
| Fysioterapeut.....  | 26        |
| Bup .....   | 26        |
| PPT.....  | 27        |
| Logoped .....   | 27        |
| Barn og familie .....   | 27        |
| Lenkje til planar.....  | 27        |



## PRESENTASJON AV BARNEHAGEN

Stjernereiso barnehage *Dalsvegen 7*

*5685 Uggdal*

Styrar: Gerd Kongsvik

[Gerd.kongsvik@tysnesoppvekst.no](mailto:Gerd.kongsvik@tysnesoppvekst.no)  
[stjernereiso@tysnesoppvekst.no](mailto:stjernereiso@tysnesoppvekst.no)

Tlf. 99 36 64 82

Kontaktinformasjon avdelingar

|                  |                 |
|------------------|-----------------|
| Herkules         | Tlf. 468 57 434 |
| Tellus Utegruppe | Tlf. 911 17 820 |
| Pluto            | Tlf. 902 24 271 |
| Neptun           | Tlf. 979 57 732 |
| Jupiter          | Tlf. 906 58 742 |

**STJERNEREISO BARNEHAGE ER DEN  
STØRSTE OG EIN AV 4 BARNEHAGAR I  
TYSNES KOMMUNE.**

**BARNEHAGEN HAR 96 PLASSAR FORDELT  
PÅ 5 ALDERSINNDELTE AVDELINGAR.**

**ME LIGG VED SIDA AV UGGDAL SKULE  
SOM ER EIN 1 - 4 SKULE, OG ME HAR EIT  
NÄRT SAMARBEID MED SKULEN.**

**BARNEHAGEN HAR SVÆRT MANGE FINE  
TUROMRÅDER**

**BARNEHAGEN HAR BARNEGHAGEÅRET  
2021 2022 PLAN OM EIT EKSTRA UTEFOKUS  
OG SKAL BRUKA TUROMRÅDA FLITTIG.**

**ME HAR ETABLERT VÅR EIGEN  
KJØKKENHAGE«STJERNEHAGEN»**

**OG MED EIGEN LAVVO I SKOGEN, OG NY  
GAPAHUK PÅ UTEOMRÅDET, SER ME  
FRAM TIL EIT FLOTT BARNEHAGEÅR SAMAN MED  
BORNA DYKKAR.**





## VELKOMMEN TIL NYTT BARNEHAGEÅR I STJERNEREISO BARNEHAGE

Her i denne planen kan du lese meir om kva me jobbar med i løpet av barnehageåret, og kva organ som styrer oss.

### ÅRSHJUL / KALENDER

I tillegg til denne planen har me eit årshjul med meir informasjon om tema og aktivitetar som me har plan om, i løpet av året. Ta kontakt om det er noko du lurer på.

### SÅ HUGS PÅ AT

Ingen ting er for lite og ingenting kan vera for stort å spørja om, når me skal ta vare på det kjæraste du har.

### TEMA, DETTE BARNEHAGEÅRET; SMÅ STEG FOR KLODEN



**SMÅ STEG FOR KLODEN**

Gjennom forrige barnehageår vart me saman med Samarbeidsutvalget og De som foreldre, einige om å ha eit større utefokus i barnehagen generelt, og då særleg frå april og ut september. Storbarnsavdelingane flyttar i stor grad alle aktivitetane ut, medan småbarnsavdelingane har meir base inne, men likevel nyttar naturen mykje. Me har i mange år hatt ei rein utegruppe, denne går ut og vert erstatta med at

avdelingane, og då særleg Herkules og Tellus får eit mykje større utefokus, gjennom året.

Når me og har bestemt oss for å koble årstema nærmere naturen, med små steg for kloden, vert vårt store utefokus ein heilskap gjennom året.

«Barns undring i leik» i eit inkluderande leikmiljø har vore eit gjennomgåande tema for dei siste barnehageåra. Dette fokuset tar me med oss vidare, sjølv om me no endrar årstema. Årets tema vart til etter inspirasjon frå barnehagedagen, Små steg for kloden. Tema famnar mykje og med rammeplanen som bakteppe med verdigrunnlag og fagområde, ser me at me kan kople tema bredt og ha ein meir konkret tilnærming i periodar.

### «RAMMEPLANEN SIER DETTE OM NATUR OG MILJØ»

#### Fra Kapittel 1 - Barnehagens verdigrunnlag»

«*Barna skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfatter natur, økonomi og sosiale forhold og er en forutsetning for å ta vare på livet på jorden slik vi*

## Stjernereiso barnehage



*kjenner det. Barnehagen har derfor en viktig oppgave i å fremme verdier, holdninger og praksis for mer bærekraftige samfunn.»*

*«Barna skal få naturopplevelser og bli kjent med naturens mangfold, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhørighet til naturen.»*

### Fra Kapittel 9 - Natur, miljø og teknologi

*«Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og bærekraftig utvikling, lærer av naturen og utvikler respekt og begynnende forståelse for hvordan de kan ta vare på naturen.»*

### SATSINGSMÅRKÅR PERSONAL, FØREBYGGANDE ARBEID MOT MOBBING, KRENKING

Dette arbeidet har me holdt på med i inneverande barnehageår og fortsetter arbeidet i neste barnehageår. Barnehagelova vart endra 01.01.2021, og dette fokuset er stort i barnehagesektoren no. Nulltoleranse for mobbing, med søkelys på voksenrolla.

Me vil fortsetje arbeidet med voksenrolla i barnehagen, og arbeide vidare med «Å velje det varme blikket» i alle møte med barn og voksne. Med det tenker me at me vil evne å sjå heile barnet, og verta betre i stand til å ta vare på enkeltbarnet og gruppa.

### KRENKING

Me vil jobbe aktivt gjennom året med omgrepene «KRENKING» og reflektere jamleg i personalgruppa. Kva er krenking, og korleis møte utfordringar utan å krenke enkeltbarn. Arbeidet vert som ei tilnærming til at regjeringa innfører ny mobbelov frå årsskifte 2020/2021, og der ansvaret sjølvsagt ALLTID,ligg hos oss voksne, i møte med barnet.





## LOVGRUNNLAG FOR BARNEHAGEN

Barnehagen vert driven i samsvar med:

- Lov om barnehagar og Kunnskapsdepartementets forskrifter og retningslinjer
- Rammeplan for barnehagen
- Vedtektenes for barnehagane i Tysnes kommune
- Planar for Tysnes kommune
- Årsplan for barnehagen
- Årshjul
- Vekerplanar og vekerapportar via Visma



## FORMÅL OG VERDIGRUNNLAG



- «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.



- **Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetene.**
- **Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskarrang.**
- **De skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre, og naturen.**
- **Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheter.**
- **De skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetninger. ‘**
- **Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi.**
- **Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap.**
- **Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»**

### BARNEHAGENS INNHOLD

#### BARNEHAGEN SKAL IVARETA BARNA SITT BEHOV FOR OMSORG

*«Omsorg er ein føresetnad for barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.  
Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre».*

(Rammeplan for barnehage)

Barn har rett til omsorg og skal bli møtt med omsorg. Når dei kjem til barnehagen skal dei møte trygge vaksne som bryr seg om dei. Dei skal oppleve at personalet lyttar til dei og deira behov og inkluderer dei i fellesskapet. Me arbeider kontinuerleg med at personalet i Stjernereiso er bevisst på ansvaret med å etter leve og formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg, medansvar, solidaritet, toleranse, respekt, likeverd og retten til å vere forskjellige, og at alle i personalet er gode rollemodellar for barna i vår barnehage.





## BARNEHAGEN SKAL IVARETA BARNA SITT BEHOV FOR LEIK

I rammeplanen står det at «leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at eigenverdien til leiken skal anerkjennast». Leik er viktig fordi den har verdi i seg sjølv, og leik er viktig som grunnlag for danning og læring. STORE DELER AV BARNEHAGEDAGEN BESTÅR AV LEIK

Me arbeider for at barna i vår barnehage skal få mykje tid til frileik. Då lærer dei seg å ta kontakt med, og knytte venskap med andre barn. Leik gjev barna glede, og gjennom leiken utviklast barnet både sosialt, språkleg, emosjonelt, motorisk og kognitivt. Leiken gjev rom for initiativ, fantasi og undring. Leik er også ei kjelde til humor og glede, og gjennom ulike former for leik får barna høve til å uttrykkje seg.

Me har også leik som er meir styrt. Me jobbar mykje med å inkludere ALLE barn i leik. Det er ikkje alle som meistrar alle kodane for å komme inn i leik. Det er viktig at desse barna også får ta del i leik, og lære seg korleis dei kan komme inn i leiken. Det kan me hjelpe dei med ved å ha leikegrupper med styrte aktivitetar. Me er også observatørar når barn leiker, slik at me oppdagar om barn ikkje får være med, eller ikkje klarer å komme inn i leik med andre. Me ynskjer å hjelpe barna til å få gode vene i barnehagen.






## BARNEHAGEN SKAL FREMME DANNING

«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å legge grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap». (Rammeplan for barnehage)

Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane, med andre menneske. Gjennom gode danningsprosesser blir barnet sett i stand til å handtere livet og bli eit verdifullt medlem av eit større fellesskap. Gjennom det felles verdisyn som me arbeider med i barnehagen, jobbar me med å gje barna verdiar, haldningar, sosial kompetanse og respekt for andre menneske. Barna skal ut i verda og møte mange menneske og ulike situasjonar. Me ynskjer at dei skal være nysgjerrige og ha tru på seg sjølv. Dette vil me gjere gjennom samtalar med barna, grupper med sosial kompetanse, og ulike aktivitetar dei er med på.





## BARNEHAGEN SKAL FREMME LÆRING

«I barnehagen skal barna oppleve et stimulerende miljø som støtter opp om deres lyst til å leke, utforske, lære og mestre». (Rammeplan for barnehage)

Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Det skal barnehagen støtte opp under og slik gi eit godt grunnlag for livslang læring og danning. Læring skjer i det daglige samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært sammen med leik, omsorg og danning. Barn kan lære gjennom alt dei opplever og erfarer på alle områder. Når barn undrar seg over noko, må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte, slik at det dannar grunnlaget for eit aktivt og utviklande læringsmiljø i barnehagen. Interessene og spørsmåla til barna bør danne grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen.

I vår barnehage vil vi legge til rette for at alle barna får utvikle eigne interesser samstundes som barnehagen legg til rette for felles opplevelingar som grunnlag for å utvikle undring, felles leikerekertoar, samspel og meistring. Me vil nytte alle kvardagsaktivitetar som læringsarena, frå av- og påkledning, måltid og kvilestund, til gardsbesøk, tur i skogen og studie av insekt mm.





## BARNEHAGEN SKAL FREMME VENNSKAP OG FELLESSKAP

«*Sosial kompetanse er en føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel».*  
(Rammeplan for barnehage)

Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandle godt med andre i ulike situasjonar. Me nyttar læreverket «Det er mitt val» og «Hjarteprogrammet» som grunnlag for arbeidet med sosial og emosjonell kompetanse. Me har fleire gode hjelpemiddel/læreverk som me kan supplere med i arbeidet med sosial kompetanse. Blant anna «Kanin og pinnsvin» og «Nelly og Hamza» «Hjarteprogrammet»



Det er aktivitetar, rollespel, plakatar, vennebøker, forteljingar, filosofering, leikar, musikk som støtter opp under dei ulike tema innan sosial kompetanse, leik og læring. Me har mål om at alle avdelingar har ei samling i veka med fokus på sosial kompetanse.

## TYSNESBARNEHAGANE HAR UTABEIDA EIN EIGEN HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.

Me arbeider mykje med sosial kompetanse i Stjernereiso. Det er veldig viktig å jobbe systematisk med å lære barna korleis dei skal få venner og kunne bli med i leik med andre. Mange barn gir uttrykk for at det beste ved barnehagen er å få møte andre barn og leike med vennene sine. Vennskap medverkar til ei kjensle av deltaking og fellesskap som igjen medverkar til positiv sjølvkjensle. Når me legg grunnlaget i samlingane, kan me vise til dette i situasjonar som oppstår. Barn lever mykje her og no. Dei gløymer seg, og handlar spontant. Det er då me skal være vegvisarar og hjelpe dei å finne løysingar. Me skal hjelpe dei til å få tru på seg sjølve, og kjenne seg verdifulle. Me vaksne skal være tett på i kvardagen. God sosial kompetanse verkar førebyggande på mobbing.

Med vår handlingsplan med oss, går me systematisk inn i situasjonar dersom me får innspel på at eit barn ikkje opplever å ha eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Planen famnar endringa i barnehagelova om vår plikt til å handle om me får kjennskap til at eit barn ikkje opplever eit trygt og godt barnehagemiljø.

## Stjernereiso barnehage



### ENDRINGER I BARNEHAGELOVEN

1. JANUAR 2021 BLE BARNEHAGELOVEN ENDRET.

Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid


§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

§ 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

### BARNEHAGEN SKAL FREMME KOMMUNIKASJON OG SPRÅK

*«Barnehagen skal være bevisst på at kommunikasjon og språk påvirker og påvirkes av alle sider ved barnets utvikling. Gjennom dialog og samspill skal barna støttes i å kommunisere, medvirke, lytte, forstå og skape mening».* (Rammeplan for barnehage)

### SOL



Barnehagane i Tysnes har laga ein plan for arbeidet med språk i barnehagane. Den heiter SOL (Systematisk Ord Leik). Sol inneheld informasjon om ulike område me skal jobbe med, kartlegging av språk, språktrening i grupper i forhold til enkeltbarn som har ulike språkutfordringar, innhald i samlingsstunder, og utstyr til språkarbeid som skal være i barnehagane.

SOL inneheld også informasjon om Språkleiken Bravo. I tillegg til dette jobbar me og med Språkløyper som er ei nasjonal satsing på lesing,

skriving og språk.

### SPRÅKLEIKN BRAVO



Språkleiken BRAVO er ein leik som fremjar barna si språkutvikling, og som aukar ordforrådet til barna. Ved å nytte store ordkort kombinert med bilete, konkrete ting og sansemotoriske aktivitetar, blir barna kjende med sansane sine og med skriftspråket. Barna brukar alle sansene, og lærer mange nye omgrep. Bravo fremjar barnas motoriske utvikling, og førebud barnet på lese- og skriveinnlæring.

Tilstrekkeleg med oksygen er viktig for barna si læring. Derfor er det lagt inn fysisk aktivitet mellom stasjonane med lesekort. Me nyttar grunnleggande aktivitetar som rulle, krype,



hoppe, åle og liknande. Me koplar og ein ny årskalender i fysisk aktivitet tett til «Bravoleiken», dette er det vår kommunefysioterapeut Anne Opdal som har bidratt til å innføra.

### SPRÅKLØYPER

Språkløyper er ein nasjonal strategi som skal styrke norske elevar sitt språk, lesing og skriving. Det som er unikt i denne satsinga, er at barnehagane også blir inkludert som ein del av læringsløpet. For barn i barnehagealder er språk avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjoner. Tidleg innsats er stikkordet. Språkgrunnlaget som blir lagt i barnehagetida er viktig for seinare lesing, skriving og læring.

Språkløyper skal styrke kompetansen hjå personalet, og vise korleis barnehagen kan jobbe med språk og fange opp dei som strevar. For oss i barnehagen inneber Språkløyper at me skal jobbe mykje med lesing av bøker og samtale rundt innhaldet i bøkene. Arbeidet med språkstimulering og leseaktivitetar skal implementerast i kvardagen. Personalet skal få kunnskap, verktøy og tryggleik i arbeidet med barns språk.

*Framover vil me nytta språkløypeverktøyet som ei oppslagsverk, og ta det fram når me ser det er behov for ekstra fokus i t.d framadspråk.*





## BARN S MEDVERKNAD

*Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barn kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jf. Barnehagelova §§ 1 og 3.*

Kvar einaste barn i Stjernereiso har rett til å erfara at deira stemme blir tatt på alvor og har innverknad i fellesskapet. Medverknad handler om respekt, anerkjenning og inkludering. Barn har rett til å uttrykke seg og påvirke alle sider av livet i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis medverknaden blir praktisert, er avhengig av alder og funksjonsnivå. Barn må både få og oppleve tilknyting og fellesskap og kjenne at dei kan uttrykkje eigne intensjonar. Dette betyr ikkje at dei får bestemme alt dei vil, men skal oppleve å få val gjennom kvardagen der dei aktivt kan medverke. Barn må støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre. Både kroppsleg og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det. Dei yngste barna formidlar synspunkta sine med kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk. Personalet må observere barna og ta med barna i planlegging av aktivitetar og at dei får seie kva dei meina. I dei siste åra har me hatt Årstema "Barns undring i leik", og me tenker at personale har vorte meir medvitne på Barns medverknad, og barns medverknad har fått eit tydlegare uttrykk og eit breiare nedslagsfelt. Me vil fortsette å ha eit stort fokus på barns medverknad, og ta med oss erfaringane me har fått inn i nytt barnehageår.





## SAMARBEID BARNEHAGE- HEIM

De foreldre er ein ressurs som me er heilt avhengige av i vårt daglege arbeid med barna. Gjennom foreldremøte, daglege møter, foreldresamtalar og ulike arrangement, er de med på å påverke den pedagogiske verksemda i barnehagen. Det er svært viktig at de er med og støttar opp om og er engasjerte i barnehagekvardagen.

Me møter foreldre kvar dag ved levering og henting og dette er det viktigaste møtepunktet mellom barnehagen og foreldra. Samarbeidet skal gje høve til å byggje opp gjensidig forståing rundt det enkelte barn, og i forhold til barnegruppa.

Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna.

Barnehagen har eit foreldremøte i året. På dette møtet informerer barnehagen om nødvendig og aktuell informasjon og grunngiving for barnehageverksemda og inviterer foreldra til medverknad. Barnehagen bruker i dag eit digitalt kommunikasjonsverktøy som heiter Visma, der all den daglege informasjonsflyten går. Det er også eit verktøy for personalet for å kvalitetssikre det arbeidet me gjer i barnehagen. Pga. korona har me hatt ei litt anna tilnærming siste året, og ordinært møte gjekk ut i haust. Me har likevel skipa til eit tema møte i skogen og det er plan om eit nettmøte vår-21 som eit påfyll av foreldrerolla. Korleis dette vert inn i nytt barnehageår er litt usikkert, men me legg opp til eit foreldremøte i september.



## SAMARBEIDSTUTVAL OG FORELDRERÅD

«*Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldrene. Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldrene til hvert enkelt barn, og på gruppenivå , gjennom foredrerådet og samarbeidsutvalget.»* (Rammeplan for barnehage)

**FUB**, Foreldreutvalget for barnehager er eit nasjonalt utvalg for foreldre med barn i barnehage. Utvalget gir råd til foreldre og barnehagar.



## Stjernereiso barnehage



Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU). Viser til vedtekter for samarbeidsutvalet i Tysnesbarnehagane.

I eit foreldreråd sit alle foreldre/føresette i barnehagen. *Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.*

Foreldrerepresentanten er ein viktig kanal å bruke dersom ein ynskjer gjennomslag for ulike saker. Det er foreldrerådet sin representant som og sit som leiar i SU. Gjennom regelmessige brukarundersøkingar sikrar me at de som brukarar av barnehagetilbodet har medverknad i det som skjer. Samstundes er det ei stor hjelp for oss i høve det å utvikla oss på det me ikkje er så gode på. Barnehagen skal vera ei verksem i stadig utvikling. Me er her for å gi barn og foreldre ein god kvardag.

### OVERGANGAR

Overgangar i barnehagen: Det er fleire overgangar i barnehagen, blant anna når barnet startar på ny avdeling. Me ynskjer at desse overgangane skal vere en god oppleveling for barna og bruker god tid til førebuing i forkant. Me har blant anna fleire besøksdagar der barna får besøke den nye avdelinga i lag med ein voksen dei er trygg på. Når dei startar på ny avdeling brukar me og god tid til å bli kjend.

### OVERGANG TIL SKULE

Barnehagen fylgjer den kommunale overgangsplanen frå barnehage til skule. Det at barnehagen ligg så nærme skulen gjer det lettare å samarbeide. Barna blir kjend med dei som jobbar i skulen, sjølve skulebygget og uteområdet, noko som kan gjere overgangen lettare for dei.



### FØRSKULEGRUPPA

I Stjernereiso har me førskulegruppe ein gang i veka. Dette er noko barna ser veldig fram til. I Tysnes er det utarbeida ein felles plan for innhaldet i førskulegruppene. Planen legg vekt på at alle førskulebarn skal kjenne til ulike faglege omgrep som dei vil møte i skulen og ha kompetanse til å meistre skulekvardagen. Det blir og lagt opp til felles møtepunkt med førskulebarn frå dei andre barnehagane, slik at dei blir litt kjent før dei byrjar på skule.

## Stjernereiso barnehage



### VANNTILVENNING

Førige barnehageår, prøvde me ut 2.året med vanntilvenning i bassenget på Tysnes skule. Det vart svært kjekke og lærerike opplevingar for førskuleborna og me vil fortsetje med det når, bassenget opnar igjen til hausten.



### FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Barnehagen jobbar ut frå 7 fagområde. Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt, og dei går inn i kvarandre. Me jobbar heile tida med fagområda både i strukturerte samlingar og i kvardagsaktivitetar. Dette vil ein kunne sjå og lese om i avdelingane sine pedagogiske planar og dokumentasjon.

### KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

«*Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet*» (Rammeplanen).

*Gjennom arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst skal barna:*

- *Lytte, observere å gje respons*
- *Vidareutvikle omgrevsforståinga og eit godt ordforråd*
- *Bruke språket til å uttrykke kjensler, ønske og erfaringar*
- *Bruke språket til å løyse konfliktar og skape gode relasjoner*
- *Få eit positivt tilhøve til tekst og bilete.*
- *Lytte til lydar og rytme i språket*
- *Bli fortrulege med tal og bokstavar*
- *Bli kjende med bøker, songar og bilete*





## KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

**«Gode vaner som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut.»(Rammeplanen s.49)**

Strukturere tilnærmingar til fysisk aktivitet i nært samarbeid med kommunefysioterapeut og kopla til «Bravoleiken»

Turar i skog og mark der barna får positive opplevingar. Eit trygt og godt uteområde der barna kan leike og utfolde seg.

Sunn og god mat til smørelunsj og fruktmåltid i barnehagen. Barnehagemåltidet handlar om meir enn berre maten.

Daglege måltider i barnehagen gir gode muligheter for læring på mange områder.

Matlagning er ein god læringsarena for både dei yngste og de eldste barna i barnehagen. Alle kan få oppgåver ut i frå sitt ferdighetsnivå. Nokon kan være med å måla opp, medan andre kan blande og røre, dele og kutte, krydre eller smake.

Alle oppgåver er like viktige for det ferdige resultatet.

**NB! Så lenge me er på gult nivå i samband med korona, kan ikkje borna delta på same måte.**

**Ei læring rundt måltidet er likevel tilstades.**

- *Gode rutinar for handvask og hygiene. som er i samsvar med råd og regelverk frå Mattilsynet og Folkehelseinstituttet*





KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

«I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og prosjeksjon»(Rammeplanen s50).



I Stjernereiso får barna blant anna:

- *Uttrykke seg gjennom ulike formingsaktiviteter*
- *Vise fram og stille ut det dei har laga.*
- *Danse til musikk*
- *Kle seg ut og leve seg inn i andre roller.*



### DIGISUS

BARNEHAGEN TAR MED SEG ERFARINGAR FRÅ EIT FORSKINGSPROSJEKTET, I LAG MED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET.

TITTELEN PÅ PROSJEKTET ER "UTVIKLING AV BEREKRAFTIGE PRAKSISAR FOR DIGITAL TEKNOLOGIBRUK INNAN SPRÅK OG ESTETISKE FAG I BARNEHAGE", FORKORTA TIL DIGISUS.

MÅLET ER AT PROSJEKTET SKAL UTVIKLA OG ETABLERA EIT KOMPETANSERAMMEVERK FOR BARNEHAGELÆRARAR OG BARNEHAGELÆRARSTUDENTAR SIN BRUK AV BEREKRAFTIGE DIGITALE PRAKSISAR (BDP) SOM STØTTAR OPP OM BARN SINE SPRÅKLEGE OG ESTETISKE LEIKE-OG LÆRINGSPROSESSAR I BARNEHAGEN.

- ME I BARNEHAGEN VIL HA HØGARE FOKUS PÅ ESTETISKE FAG, OG DIGISUS ER MED PÅ Å UTVIKLA OSS TIL Å FÅ EIN VIDARE FORSTÅING TIL KORLEIS GJE BORNA ESTETISKE ERFARINGAR, OG PRAKTISK TILNÆRMING TIL FAGET



### NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI



«Barnehagen skal legge til rette for at barna skal få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal legge til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitakaplege fenomen, føle tilhøyrslle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar» (Rammeplanen s 52)



I Stjernereiso skal barna

- *Få gode naturopplevingar*
- *Få oppleve og utforske naturen og mangfoldet i naturen.*
- *Lære om miljøvern, bærekraftig utvikling og kildesortering*



- *Få kunnskap om dyr og dyreliv*
- *Få utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover*
- *Erfare korleis me kan bruke ulik teknologi i dagleglivet.*

### MENGD, ROM OG FORM

«Barnehagen skal synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet» (Rammeplanen).



*Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barna:*

- *Oppleve glede over å utforske og leike med tal og former*
- *Tileigne seg gode matematiske omgrep*
- *Erfare, utforske og leike med former og mønster*
- *Sortere og samanlikne storleikar, former og mål*
- *Oppleve glede ved matematikk.*





«Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar» (Rammeplanen).

Gjennom arbeidet med etikk, religion og filosofi skal barna:

- *Få kjennskap til grunnleggande kristne og humanistiske verdiar og bli kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen.*
- *Utforske og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål.*
- *Få forståing for at det finst mange ulike måtar å forstå ting på og å leve saman på.*
- *Ha respekt for andre og forstå verdien i at me er ulike.*

Gjennom vår årlege arbeid inn mot Forutaksjonen, [FORUT-festival - FORUT](#), vert me kjende med ulike kulturar og levemåtar. Me tilnærma oss borna med ulike innfallsvinklar innfor tema og legg grunnlag for ein djupare forståing av verdas kulturar og religionar.

Gjennom markering av ulike merkedagar og helligdagar gjennom året, legg me føringar for å knyte kultur og religion inn i filosofiske samtalar, og borna kan tilegne seg eit større perspektiv på livet



### NÆRMILJØ OG SAMFUNN

«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda» (Rammeplanen).

I barnehagen skal barna blant anna:

- *Bli kjende i nærområdet*
- *Få innblikk i lokale tradisjonar og lokalhistorie*
- *Utvikle tillit til eiga deltaking i og påverknad på fellesskapet*
- *Erfare at alle menneske inngår i og bidreg til barnehagefellesskapet*
- *Bli kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer*
- *Bli kjende med at samane er urfolket i Noreg*





**BARNEHAGEN ER EI PEDAGOGISK VERKSEMD SOM SKAL PLANLEGGAST, DOKUMENTERAST OG VURDERAST.**

[https://www.udir.no/kvalitet-  
og-kompetanse/kvalitet-i-  
barnehagen/hva-er-kvalitet-i-  
barnehagen/](https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitet-i-barnehagen/hva-er-kvalitet-i-barnehagen/)

Vurdering er ein kontinuerleg prosess som skjer i samhandlingar mellom vaksne og vaksne/ barn kvar dag og gjennom heile året. I tillegg til dette arbeidet har me eit meir systematisk vurderingsarbeid.

Vårt systematiske planleggingsarbeid går på å kople alle fagområder, barns medverknad og sosial kompetanse til tema og periodar. Me evaluerer og vurderer vår praksis gjennom bilete og praksisforteljingar.

Ut frå Rammeplanen lagar me årsplan og årshjul. Årsplanen beskriv formål og innhald og årshjulet synleggjer aktivitetane med periodeplanar og vekeplanar. Rammeplanen ligg i heile tida til grunn for det arbeidet me utfører ilag med barna. Kvar veke legg me opp til rapportar med bilete, via Visma.

Vurdering av det pedagogiske arbeidet med barna skjer gjennom skildring, analysering og tolking av planarbeidet som heile tida vert gjennomført. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.





## SAMARBEIDSPARTNARAR

**For at barna og foreldra skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod, må barnehagen samarbeide med andre tenester og institusjonar. Foreldra skal alltid gi samtykke før barnehagen tar kontakt med nokon av dei eksterne ressursane i forhold til enkeltbarn.**

## HELESTASJON

Barnehagen arbeider tett med helsestasjonen, og me har faste møte med helsesjukepleiar i «Barn og familie». Dersom det er behov kan helsesjukepleiar vera med i møter i barnehagen, saman med foreldra.

## KOMMUNEPSYKOLOG, FØREBYGGANDE TILTAKSTEAM

Tysnes kommune har og fått ein eigen kommunepsykolog, og saman med helsestasjon tilbyr dei oppfølging av born og foreldre på eit lavterskelnivå.

<https://www.tysnes.kommune.no/foerebyggande-team.544896.nn.html>



## Førebyggande team - Tysnes kommune

Førebyggande tiltaksteam for barn og familiær. Kommunen har etablert eit team sett saman av ulike fagpersonar, med målsetjing å hjelpe barn og familiær innanfor rammene av førebyggande psykisk helsearbeid.

[www.tysnes.kommune.no](http://www.tysnes.kommune.no)

## BARNEVERNTJENESTA

Barnehagen samarbeider me barnevernet mellom anna gjennom felles møte i «Barn og familie». Barnevernet gir generelle råd om problemstillingar som barnehagen treng hjelp til. Barneverntenesta kan hjelpe familiær som t.d.t reng foreldre vegleiing utover det barnehagen kan hjelpe med, og barnehagen kan formidla kontakt mellom foreldre og barnevern.

## BARNEVERNSTENESTA – BARNEHAGEN HAR PLIKT TIL Å MELDE

**Barnehagelova § 22. Opplysningsplikt til barneverntjenesten** Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side. Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til

## Stjernereiso barnehage



barneverntjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige adferdsvansker, jf. samme lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysninger skal normalt gis av styrer.

### SKULEN – OVERGANGAR

Me samarbeider med Uggdal skule m.a. gjennom felles møter i «Barn og familie» og «Barn og utdanning». Tysnes barnehagane har eigen overgangsplan. Sjå og overgangar s 13 i denne planen.

### PSYKISK HELSEARBEIDAR FOR BARN OG UNGE

Betsy Nicolaisen er vår samarbeidspartner innan psykisk helsearbeid, lokalt i kommunen. Me har faste møter saman med Psykisk helse i «Barn og familie». Barnehagen kan formidla kontakt med Betsy om nokon har behov for det.

### SYNSPEDAGOG, KARTLEGGING AV SYN

Eldbjørg Knudsen er vår Synspedagog

**Det er viktig å kartlegge synet til barn som strevar med språk, motorikk, sosial samhandling og konsentrasjon. Synsvanskars kan hemme barnet i mange situasjonar, spesielt når dei skal jobbe med lesing over tid. Forsking seier at 15 – 20 % av alle barn i skulealder strevar med ulike synsvanskars som kan hemme deira leseutvikling og læring. Tysnes kommune har ein synspedagog som skal kartlegge og eventuelt gje synspedagogisk opplæring til barn som har svekka samsyn og liknande. Det vil då bli rutine at ein kartlegg synet til alle 6 åringer året før dei byrjar på skulen, og andre barn i barnehagen dersom det er mistanke om synsvanskars. Vidare skal ein kartlegge enkelte barn i 3. eller 4. klasse dersom det er registrert at dei strevar med lesing og skriving. Alle vert kartlagt i 3. klasse.**

### FYSIOTERAPEUT

Anne Opdal er fysioterapeut knytt til barnehagen. Anne gir oss råd for planlegging av fysiske aktiviteter som ivaretar barna sin ulike utviklingsstadier. Anne kjem og inn i barnehagen og har treningsopplegg med enkeltbarn og grupper dersom det er behov for det. Dette er eit lavterskelttilbod som barnehagen kan formidla, om De som foreldre er bekymra for noko i barnet si motoriske utvikling.

### BUP

Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk Bup, Stord sjukehus. Denne ressursen går via Helsesøster og Fastlege.

## Stjernereiso barnehage



Det er fastlege som søker vurdering, og barnehagen bistår foreldre og helsejukepleiar med informasjon.

### PPT

Pedagogisk – psykologiske teneste (PPT). Sakkynndige vurderingar. Me er i Stord Tysnes og Fitjar PPT. Me har faste møter i barnehagen med PPT, og lav terskel for å ta opp problemstillingar med PPT saman med foreldra.

PPT driv kompetanseheving i barnehagane, og hjelper oss i utfordringar knytt til grupper.

Me har eigen logoped i kommunen, som bistår oss i arbeidet med ekstra språkfokus til enkeltbarn og gruppe.

### LOGOPED

Åse Enes er vår logopedressurs i barnehagen.

### BARN OG FAMILIE

Tysnes kommune er organisert slik at dei fleste av desse eksterne gruppene samarbeider tett, og har jamleg møter i løpet av året. Kommunen har og ei eiga ressursgruppe knytt opp mot barn og familie.

Viser og til Tysnes kommune sin Strategiplanen, 2017-2022 for barn og familie, «Saman om framtida!»



### LENKJE TIL PLANAR

<https://www.tysnes.kommune.no/planar-for-tysnesbarnehagane.397142.nn.html>